



Ungbeist kosar seg på nyrydja beite

I september i fjor kjøpte Hans Reidar Kjærland den 20 dekar store Sørebøen av Trond H. Myklebust. Mange har sikkert lagt merke til at deler av arealet no er rydja, og det er blitt svært fint beiteland. For tida beiter 7 ungdyr der. Arbeidet vart gjort like før jul i fjor, og det vart gjort av den polske arbeidaren Martin Bialowas.

Martin Bialowas har jobba hos Hans Reidar og nokre andre bønder i Uskedalen dei to siste sommarsesongane. Han kjem i månadsskiftet april/mai, og så er han så lenge utover hausten som det er arbeid for han. Han bur på Musland, og han er svoger til dei to frå Polen som rydja mykje beiteland for Hans Reidar Kjærland i 2002-04. Før han kom til Uskedalen, hadde han m.a. jobba eit år på Voss.

Hans Reidar fortel at han vil rydja meir oppover Sørebøen, men han vil la nokre tre stå att. Det er fint, og dyra likar å søkja ly under dei.

- Sjølv sagt kunne det vore dyrka, men eg treng det meir til beite, så dette kjem eg til å bruka til beite for ungdyra, seier bonden som no har 26 ungdyr ute på 3 ulike beite.

Å halda rydja beite fine går heller ikkje av seg sjølv. Han fortel at det har vore nødvendig med mykje sprøyting og pleie av beitet som var rydja ovanfor bøgarden for 13-14 år sidan.

- Eg skal sei deg at eit år brukte eg 25.000 på å halda bjørnebærris og older i sjakk, avsluttar den driftige bonden på Kjærland.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland